

**Torfinn Myklebust har vorte partilaus**

09.05.2007



Torfinn Myklebust har vorte partilaus. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Politikar-veteran Torfinn Myklebust frå Uskedalen kunngjer no i innsida.no at han har vorte partilaus etter eit lang liv som Høgreman og etter alt det som er skjedd i partiet i vår kommune i den seinare tid.**

Men han har likevel ikkje vurdert å melda seg inn i Venstre, slik fleire av partikolleagaene hans har gjort dei siste dagane.

Myklebust har vore med i politikken sidan 1983 og har leia kommunestyregruppa dei siste åtte åra. Når han no er partilaus inneber det at han også takker for seg som gruppeleiar. Det ville han ellers vore til etter haustens val. I 1991 vart han og fleire andre kasta frå partiet og Tverrpolitisk Samlingsliste oppstod, med noverande ordførar Bjarne Berge som frontfigur. Ved valet i 1999 var Torfinn tilbake i Høgre.

Han meiner lokaldemokratiet er sett til side av Erna Solberg og hennar folk og kallar vedtaket på sentralt hald om å satsa på den første Høgrelista for diktatur, sentralstyring og ein skam for partiet. Veteranen har ikkje mista lysten på politikk etter det som har skjedd i det siste, men han hadde håpt på fire nye år.

Av Ola Matti Mathisen